

Fitjar kommune
Postboks 83
5418 Fitjar

Dykkar ref:
Vår ref: 2023/145027
Dato: 04.08.2023
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



KOMMENTAR TIL PLANPROGRAM FOR RULLERING AV KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL - FITJAR KOMMUNE

Mattilsynet viser til brev frå Fitjar kommune om planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel, datert 5. juli 2023, dykkar ref. 2022/1295-6426/2023.
Frist for å komme med innspel er 12. september 2023.

Som høyringsinstans i planarbeid har Mattilsynet i oppgåve å bidra til at planane tek vare på nasjonale og regionale interesser innanfor områda drikkevatt, plantehelse, fiskehelse/fiskevelferd og dyrehelse/dyrevelferd.

Saksopplysning:

Saka inneheld mellom anna Planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Mattilsynets kommentar til Planprogram

4.1 Nasjonale og regionale føringar

Nye nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging vart vedtekne ved kongeleg resolusjon den 20. juni 2023. Desse forventingane samlar dei viktigaste prioriteringane frå regjeringa for den komande kommunestyreperioden. Kapittel 4.1 i planprogrammet må oppdaterast for å gjenspegle dette.

Vi forventar at dei omsyna som er gitt i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 blir lagt til grunn i arbeidet. Om omsyn til drikkevatt står følgjande: «Kommunane har ansvar for å sikre hushaldningane og næringslivet tilgang på tilstrekkelege mengder helsemessig trygt drikkevatt. Dette er ein føresetnad for god helse og eit velfungerande samfunn. Sikring av drikkevasskjelder og areal til infrastruktur for vassforsyning og avløp, er derfor ein viktig del av kommunale planar. Vassførekomstar som blir brukte til vassforsyning, må vernast mot forureining med omsynssoner med tilhøyrande planføresegner. Dette kan også bidra til å redusere behovet for reinsing ved produksjon av drikkevatt.»

Det same gjeld Nasjonale mål for vatn og helse (vedteke 22. mai 2014).

Det bør komma fram av planskildringa korleis relevante nasjonale mål og forventningar blir varetekne i planforslaget.

5.3 Bustadbygging – fortetting, nye bustadfelt, LNF-spredd, eldrebustader, folketalsvekst

Ved fortetting av nye og eksisterande område er det viktig å klargjere om eksisterande vass- og avløpsanlegg kan handtera dette eller om dei må utvidast/oppgraderes.

Bygging i LNF-område medfører ofte at det ikkje er tilgang til offentleg vass- og avløpsanlegg. Det er viktig at det blir lagt inn føringar/føresegner som sikrar at det er tilgang til nok vatn av drikkevasskvalitet.

5.4 Fritidsbustad- og naustbygging – vidare utvikling av Kråko.

Kommunen må vurdere om det er mogleg å knyta desse til eksisterande vassforsyningssystem i nærleiken eller om det er nødvendig med nytt fellesanlegg.

5.5 Næring

Kommunen må nøye vurdere både kjende og ukjende drikkevassforsyningar og eksisterande næringsverksemdar. Det er avgjerande å inkludera føresegner som pålegg dei ansvarlege partane å gjennomføra grundige utgreiingar. Dette sikrar at drikkevassforsyningar og næringsaktivitetar ikkje blir påverka negativt som følgje av planlagde tiltak.

5.8 Havbruk

Vern etter vassforskrifta

Arealplanen vil òg dekkja sjøområda i kommunane, og bruk og vern langs kysten skal ein sjå i samanheng på både på sjø- og landsida. Planen skal ha føresegner for oppdrett, havbruk og vern av kystlinja (vassforskrifta). Det skal gjerast konkrete vurderingar av behovet for å sikra ulike omsyn og prioritera mellom desse, og føresegnene må sikra at det ikkje blir etablert aktivitetar som forureinar vassmiljøa.

For fiskeri og havbruk, må bruken av areal for ulike typar akvakultur, inklusiv mobile anlegg, blir avklart gjennom regionale og kommunale planar.

5.9 Friluft, idrett, folkehelse, kultur og turisme

Det er viktig å hugsa at tilgang til tilstrekkeleg og hygienisk trygt drikkevatt er grunnleggande viktig for folkehelsa.

5.11 Infrastruktur - transport, veg og parkering, gang- sykkelveg

Vatn og avløp (VA) er kritisk infrastruktur. Ei systematisk oversikt og vurdering av vass- og avløpsituasjonen i kommunen bør inngå i samla grunnlag for vidare utvikling, utbygging og arealbruk. Slik kan kommunen ta omsyn til drikkevatt og leveringstryggleik ved arealdisponeringar og løyve som følgjer av kommuneplanens arealdel.

Infrastrukturen for vassforsyning må inkluderast som ein føresetnad i rekkjefølgjekrava.

Gjennomføringa av tiltak kan berre starta når dei nødvendige tekniske anlegga med tilstrekkeleg kapasitet er etablerte eller sikra å vera etablert.

9. Konsekvensutgreiing

Det er positivt at konsekvensutgreiinga skal omfatta infrastrukturar for vatn og avløp. Det må vera eit mål at når det blir planlagt fortetting innanfor eksisterande busetnadsområde, at all busetnad blir knytt til det offentlege vass- og avløpsnett. Dersom dette ikkje er mogleg må kommunen vurdere om det er mogleg å knyta desse til eksisterande vassforsyningssystem i nærleiken eller om det er nødvendig med eit nytt fellesanlegg.

I vedlegg er mattilsynet sitt innspel til kommuneplanens arealdel (KPA) som kan vere nyttig for dykk i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Chi Thuy Le
seniorrådgiver

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*